

MØTEPROTOKOLL

Høgskulestyret

Dato: 28.-29.11.2018 (kl. 14:00-18:00 og kl. 09:00-14:00)

Sted: Auditorium E, HVL campus Haugesund

Arkivsak: 17/00097

Tilstede: Berit Rokne, Arvid Hallén, Trond Ueland, Sissel Johansson Brenna, Tom Skauge, Gunnar Yttri, Christine Øye, Marit Ubbe, Åse Neraas, Karin Stormo, Cecilie Engen Fredheim, Thomas Mårstøl Reite, Karoline Lester Turøy, Kari Kjenndalen (deltok ikke på sak 101/18), Gunnar Birkeland (delvis oppmøte – saksnr 89/18-93/18 og 99/18), Aina Berg (delvis oppmøte – saksnr 91/18-102/18),

Møtende varamedlemmer: Arne Riple (delvis oppmøte, saksnr 94/18-98/18 og 100/18-102/18)

Protokollfører: Grethe Lønning Grimsbø

SAKSKART		
Vedtaksaker		
89/18	17/00097-103	Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll
90/18	18/08979-1	Budsjett 2019
91/18	18/09005-1	Verksemdsmål HVL 2019-2023
92/18	18/08992-1	Rapport opptak 2018/Studentrekruttering
93/18	18/02944-29	Det samla eigenfinansierte studietilbudet med opptaksrammer for studieåret 2019-2020 for Høgskulen på Vestlandet
94/18	18/04252-40	Godkjenning nytt felles system for arbeid med kvalitet i utdanningane ved HVL
95/18	18/09126-24	Delegasjon av mynde for godkjenning av studie- og emneplanar på Master- og Ph.d. nivå
96/18	17/08945-6	Status for dei nye grunnskulelærerutdanningane 2018

97/18	18/03367-8	Tilsyn med det systematiske arbeidet med å sikre og videreutvikle kvalitet i utdanningen ved Høgskolen på Vestlandet
98/18	18/08981-1	Innspel til stortingsmelding om internasjonal studentmobilitet
99/18	17/10251-3	Reduksjon av antall institutt ved Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap (FIN)
100/18	18/02520-2	Valgreglement for Høgskulen på Vestlandet
101/18	17/10300-3	Utvikling av sektoravisa Khrono – HVL sitt bidrag
102/18	18/09346-2	Forlenget sensurfrist - nasjonal deleksamen i anatomi, fysiologi og biokjemi
Orienteringssaker		
O-9/18	17/00146-44	Orienteringar til styremøte 09/2018
O-9/18-1		Referat frå IDF-møte
O-9/18-2		Årshjul for styresaker
O-9/18-3		Orientering – akademisk kalender studieåret 2019-2020
O-9/18-4		Styret møter dei hovudtillitsvalde
O-9/18-5		Styret møter studenttinget
Eventuelt		
E-9/18-1		Innplasseringsprosjektet – utlysing av stillingar
E-9/18-2		Sholars at Risk
E-9/18-3		Utlegg ved tenestereiser (ref høgsterettsdom)

Haugesund, 28.-29.11.2018

Arvid Hallén

89/18 Godkjenning av innkalling, saksliste og protokoll

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	28.11.2018	89/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste til styremøte 09/18
2. Styret godkjenner protokoll frå styremøte 08/18.

Møtebehandling

Styreleiar ynskte velkomen og orienterte om dagsorden.

Det vart meldt tre saker til eventuelt.

Følgjande merknad til sakslista vart meldt: styret ynskjer eit meir detaljert og informativt årshjul for 2019 ved neste høve, slik styret har fått i 2018.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste til styremøte 09/18
2. Styret godkjenner protokoll frå styremøte 08/18.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

90/18 Budsjett 2019

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	28.11.2018	90/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret vedtek budsjett 2019 for felles institusjonskostnader og fakultetsrammer slik det ligg føre. Endeleg tildelingsbrev frå KD kan gi endra føringar og tildelingar.

2. Rektor avgjer fordeling av strategiske midlar innanfor dei føringane styret har gitt i denne saka.

Rektor innleia, og direktør for økonomi og arealforvaltning Helge Skugstad presenterte saka.

Styret uttrykte at dei er nøgde med at det er sett av midlar til å auke talet på administrativt tilsette. Styret stilte spørsmål ved effektivitetskravet frå KD, og ved korleis dei nye administrative stillingane skal fordelast. Her må det gjerast ei behovsvurdering, med eit skarpt blikk på digitalisering og nye arbeidsmåtar. Det vart i møtet etterlyst ein økonomiplan over eit lengre tidsrom enn eitt år, som gir høve til langtidsplanlegging. Skugstad bekrefta at arbeid med dette vil bli prioritert i 2019. Det vart også stilt spørsmål ved SAKS-midlar og stipendiatfond. Det vart meldt at HVL bør utfordre at Statsbygg må kjøre prosessen på alle nybygg-prosjekt, utan at me har høve til å konkurransenutsetje dette. Styret ynskjer å få ei oppfølgingssak som omhandlar den strategiske satsinga på administrasjonen, sett i samanheng med innplasseringsprosjektet, og korleis dette bidreg til å løfte organisasjonen.

Styreleiar la fram forslag om ei justering i framlegg til vedtak, med eit tillegg i pkt 2: «Styret ber om å bli halde godt orientert om dei strategiske satsingane.»

Votering

Samrøystes for styreleiar sitt forslag.

Vedtak

1. Styret vedtek budsjett 2019 for felles institusjonskostnader og fakultetsrammer slik det ligg føre. Endeleg tildelingsbrev frå KD kan gi endra føringar og tildelingar.
2. Rektor avgjer fordeling av strategiske midlar innanfor dei føringane styret har gitt i denne saka. Styret ber om å bli halde godt orientert om dei strategiske satsingane.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

91/18 Verksemdsmål HVL 2019-2023

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	28.11.2018	91/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret vedtek verksemdsmål for HVL 2019-2023 slik dei ligg føre i saka
2. Styret tek utkast til strategiske satsingar for 2019-2020 til vitande
3. Innspel frå styret blir tatt med i det vidare arbeidet

Møtebehandling

Rektor innleia.

Styret hadde nokre mindre kommentarar til ordlyden i nokre av verksemdsmåla.

Styreleiar la fram forslag om å stryke punkt 3 i forslag til vedtak.

Votering

Samrøystes for styreleiar sitt forslag.

Vedtak

1. Styret vedtek verksemdsmål for HVL 2019-2023 slik dei ligg føre i saka
2. Styret tek utkast til strategiske satsingar for 2019-2020 til vitande

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

92/18 Rapport opptak 2018/Studentrekruttering

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	28.11.2018	92/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tar saka til orientering.

Møtebehandling

Prorektor for utdanning, Bjørg Kristin Selvik, presenterte saka, og dekan FIN, Geir Anton Johansen, svara på spørsmål knytt til konjunktursvingingar og rekruttering til ingeniørstudier.

Styret meinte det er ei utfordring av me i enkelte utdanningar konkurrerer med oss sjølv, og at det er så mange som ikkje møter til studiestart. Det er viktig å sikre oss at me har gode studiemiljø på alle campus. Derfor er langsiktig arbeid med studentrekruttering viktig, og i saka ligg det godt talmateriale som gjer det mogleg å målrette tiltaka våre best mulig.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tar saka til orientering.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

93/18 Det samla eigenfinansierte studietilbodet med opptaksrammer for studieåret 2019-2020 for Høgskulen på Vestlandet

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	28.11.2018	93/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret fastset studieporteføljen med opptaksrammer for HVL for studieåret 2019/2020 slik det går fram av saksframlegget og spesifisert i vedlegg til saka.
2. Rektor får følgjande fullmakter for opptaket i 2019/2020:
 - a) Dersom høgskulen får basisfinansiering til fleire studieplasser, får rektor fullmakt til å justere opptakstalla i lys av forslag frå fakulteta og departementet sine føringar.
 - b) Dersom det ikkje er nok kvalifiserte søkjarar til studium i Samordna opptak og lokalt opptak får rektor fullmakt til å trekkje studium.
 - c) Dersom det blir ledige studieprogram på eit studieprogram, får rektor fullmakt til å overføre desse til andre studieprogram i samråd med fakulteta.
 - d) Dersom uføresette tilhøve oppstår fram til trekkfristen for innmelding til Samordna opptak, får rektor fullmakt til å vedta 0-opptak for det aktuelle studieprogrammet for studieåret 2019/20.
3. Styret godkjenner endring av namn på studium ved Institutt for elektro og Institutt for bygg ved Fakultet for ingeniør og naturvitskap slik det går fram av saksframlegget og spesifisert i vedlegga. Ein føresetnad for godkjenninga av nye namn, er at innhald i og namnsetting av emna og overordna læringsutbytte for aktuelle studieprogram vert revidert våren 2019.
4. Prinsipp for studieporteføljeutvikling vert lagt til grunn for den vidare utviklinga av studieporteføljen for studieåret 2020/2021. Det skal utarbeidast ein modell for høgskulen sin strategiske studieporteføljeutvikling frå og med studieåret 2020/2021.

Møtebehandling

Prorektor for utdanning Bjørg Kristin Selvik presenterte saka, og delte ut ny, oppdatert tabelloversikt.

Styret stilte spørsmål ved kva som vert rekna som «nok» kvalifiserte søkjarar til eit studium, då dette legg føringar i organisasjonen. Det vart understreka at fagmiljø, administrasjon og leiing må dra i same retning.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret fastset studieporteføljen med opptaksrammer for HVL for studieåret 2019/2020 slik det går fram av saksframlegget og spesifisert i vedlegg til saka.

2. Rektor får følgjande fullmakter for opptaket i 2019/2020:
 - e) Dersom høgskulen får basisfinansiering til fleire studieplasser, får rektor fullmakt til å justere opptakstalla i lys av forslag frå fakulteta og departementet sine føringar.
 - f) Dersom det ikkje er nok kvalifiserte søkjarar til studium i Samordna opptak og lokalt opptak får rektor fullmakt til å trekkje studium.
 - g) Dersom det blir ledige studieplassar på eit studieprogram, får rektor fullmakt til å overføre desse til andre studieprogram i samråd med fakulteta.
 - h) Dersom uføresette tilhøve oppstår fram til trekkfristen for innmelding til Samordna opptak, får rektor fullmakt til å vedta 0-opptak for det aktuelle studieprogrammet for studieåret 2019/20.
3. Styret godkjenner endring av namn på studium ved Institutt for elektro og Institutt for bygg ved Fakultet for ingeniør og naturvitskap slik det går fram av saksframlegget og spesifisert i vedlegga. Ein føresetnad for godkjenninga av nye namn, er at innhald i og namnsetting av emna og overordna læringsutbytte for aktuelle studieprogram vert revidert våren 2019.
4. Prinsipp for studieporteføljeutvikling vert lagt til grunn for den vidare utviklinga av studieporteføljen for studieåret 2020/2021. Det skal utarbeidast ein modell for høgskulen sin strategiske studieporteføljeutvikling frå og med studieåret 2020/2021.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

94/18 Godkjenning nytt felles system for arbeid med kvalitet i utdanningane ved HVL

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	28.11.2018	94/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Høgskulestyret godkjenner rammeverk for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane ved HVL.
2. Utdanningsutvalet får fullmakt til å endre rammeverket i tråd med HVL sin organisering og forskrifter fastsett av høgskulestyret.

Møtebehandling

Rektor informerte om at HVL ved bioingeniør-miljøet har fått den nasjonale utdanningskvalitetsprisen. Styret gratulerer!

Prorektor for utdanning, Bjørg Kristin Selvik innleia, og prosjektleiar Lene Borgen Waage presenterte saka for styret.

Styret takka for godt og grundig arbeid med rammeverket.

Fleire styremedlemmer etterlyste ei definisjon av begrepet «kvalitet» i dokumentet, samt problematiserte at det vert gjort ei standardisering, utan å sjå på nyansane og ulikskapane som finst i organisasjonen. Andre peikte på at standardisering er ein viktig del av rammeverket for kvalitetsarbeidet, samstundes som det opnar for ulikskap mellom fag og einingar. Det vart også understreka at tilstrekkeleg administrativ kapasitet må ha som oppgåve å følgje opp kvalitetsarbeidet.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Høgskulestyret godkjenner rammeverk for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane ved HVL.
2. Utdanningsutvalet får fullmakt til å endre rammeverket i tråd med HVL sin organisering og forskrifter fastsett av høgskulestyret.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

95/18 Delegasjon av mynde for godkjenning av studie- og emneplanar på Master- og Ph.d. nivå

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	28.11.2018	95/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret delegerer til dekan å godkjenne nye studie- og emneplanar på master – og ph.d.nivå våren 2019.

Møtebehandling

Prorektor for utdanning, Bjørg Kristin Selvik, presenterte saka og svara på spørsmål.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret delegerer til dekan å godkjenne nye studie- og emneplanar på master – og ph.d.nivå våren 2019.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

96/18 Status for dei nye grunnskulel raru danningane 2018

Behandlet av	M�tedato	Saknr
1 H�gskulestyret	28.11.2018	96/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tar saka til orientering

M tebehandling

Prodekan for utdanning p  FLKI, Gunn Haraldseid, presenterte saka og svara p  sp rsm l fr  styret.

Styret takka for ei god orientering og gav kommentarar og stilte sp rsm l. M let er at fusjonen skal ha effekt, mellom anna ved at HVL skal ha eit breitt fagtilbod fr  alle campus. Det vart etterspurt end  betre talmateriale som viser kor stor rekrutteringskrisa til grunnskulen kan ventast   bli. Eit sentralt tema i diskusjonen var kva masterstudiet kan ha   seie for fr fallet og korleis det kan leggest til rette for studentane sitt arbeid med masteroppg vene. Det vart understreka at det er behov for meir praksis i utdanninga dersom studentane skal skrive praksisretta masteroppg ver.

Votering

Samr ystes.

Vedtak

Styret tar saka til orientering

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

97/18 Tilsyn med det systematiske arbeidet med å sikre og videreutvikle kvalitet i utdanningen ved Høgskolen på Vestlandet

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	28.11.2018	97/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tar saken til orientering.

Møtebehandling

Rektor innleia og svara på spørsmål frå styret.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tar saka til orientering.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

98/18 Innspel til stortingsmelding om internasjonal studentmobilitet

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	28.11.2018	98/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret gir sin tilslutning til framlagt forslag til høringsinnspel og ber om at kommentarar som kjem fram i møtet vert teke med i endeleg innspel frå HVL.

Møtebehandling

Rektor innleia i saka.

Styret kommenterte målet om at 50% av studentane skal ha utvekslingsopphald i løpet av studietida, og at dette er eit svært høgt måltal for bachelorutdanningar. Styret ynskjer likevel ikkje å sjå vekk frå målet om 50% utveksling, men problematisere kva dette betyr og kva utfordringar det gir. Ei utfordring er at det kan vere krevjande å samarbeide med regionen for å imøtekomme kravet om internasjonale studentar i praksis.

Også «internasjonalisering heime» vart peika på som viktig, med internasjonale studieprogram, samt fagleg og sosial integrering av dei internasjonale studentane, og god tilrettelegging frå Saman. Eit punkt om finansiering for innkomande studentar bør vere med i HVL sitt innspel. Det har tidlegare vore gode ordningar for dette.

Det er viktig at HVL vert organisert på ein måte som gjer at det er kapasitet i alle nærregionar til å arbeide med studentmobilisering.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret gir sin tilslutning til framlagt forslag til høringsinnspel og ber om at kommentarar som kjem fram i møtet vert teke med i endeleg innspel frå HVL.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

99/18 Reduksjon av antall institutt ved Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap (FIN)

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	28.11.2018	99/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret vedtek samanslåing av følgjande institutt ved Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap, gjeldande frå 01.08.2019:

1. Institutt for data- og realfag vert slått saman med Institutt for elektrofag,
2. Institutt for brannsikkerheit og HMS vert slått saman med Institutt for bio- og kjemiingeniørfag,

Møtebehandling

Dekan på FIN, Geir Anton Johansen, presenterte saka med vurderingane og prosessane som ligg bak forslaget til samanslåing.

Styret ser at det har vore gode prosessar i saka. Det vart kommentert at det eine av desse to institutta vert mykje større enn det andre, og at det er ulikt tal stipendiatar knytt til institutta. Er det solide forskingsmiljø på dei institutta som ikkje har stipendiatar? Dekanen gjorde greie for at desse tala vil sjå annleis ut framover, då dagens stipendiattal heng saman med phd-programmt.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret vedtek samanslåing av følgjande institutt ved Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap, gjeldande frå 01.08.2019:

1. Institutt for data- og realfag vert slått saman med Institutt for elektrofag,
2. Institutt for brannsikkerheit og HMS vert slått saman med Institutt for bio- og kjemiingeniørfag.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

100/18 Valgreglement for Høgskulen på Vestlandet

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	28.11.2018	100/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret ved Høgskulen på Vestlandet vedtar reglement for valg ved Høgskulen på Vestlandet.

Møtebehandling

Organisasjonsdirektør Tage Båtsvik orienterte om saka.

Styret kunne tenkt seg ein breiare prosess i saka, i staden for å få den rett til vedtak. Saka har ikkje vore på høyring i organisasjonen eller hos studentane.

Studentane i styret reagerte på at det ikkje har vore studentar med i arbeidsgruppa som har laga valreglementet, og at berre ein student er tenkt inn i valstyret. Det skal vere minst 20% studentrepresentasjon i slike organ.

Fleire meinte at regionsperspektivet og campusperspektivet framleis er relevant for valreglementet. Nokre ville halde fast på dagens styresamansetting, då fleircampusmodellen er det som særpregar HVL.

Andre kommenterte at organisasjonen no bør vere moden for å sjå vekk frå geografidimensjonen i styret, og at fagmiljøa og campusane heller bør samlast om gode kandidatar som kan gjere ein god jobb i styret.

Korvidt ingen av dei som rapporterer direkte til rektor, direktørar, prorektorar og dekanar kan veljast inn i styret eller ikkje, bør også utgreiast betre før vedtak.

Styreleiar la fram forslag til nytt vedtak i saka.

Votering

Samrøystes for styreleiar sitt forslag.

Vedtak

1. Styret ber om at saka vert lagt fram på nytt på neste styremøte, der følgjande moment er utreda i saksframlegget:
 - Korleis ein kan sikre representasjon frå ulike nærregionar
 - Om tilsette i leiarrøller skal kunne veljast
2. Valstyret skal ha 20% representasjon frå studentar
3. Oppnemning av valstyre kan handsamast per e-post om det er naudsynt for framdrifta i saka.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

101/18 Utvikling av sektoravisa Khrono – HVL sitt bidrag

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	28.11.2018	101/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret vedtar at HVL skal bidra til utvikling av sektoravisa Khrono.
2. Bidraget knyttes til et journalistårsverk over tre år med tilsettingsforhold ved HVL.
3. Rektor får fullmakt til å ferdigforhandle avtalen med OsloMet.

Møtebehandling

Kari Kjenndalen er styremedlem i Khrono, og deltok difor ikkje i denne saka.

Prorektor for samhandling, Liv Reidun Grimstvedt, presenterte saka.

Styret gav støtte til saka, og stadfesta at Khrono er ei viktig informasjonskjelde for både studentar og tilsette, og kommenterte at det også bør vere det for ålmenta.

HVL har vedteke nynorsk som hovudmålform, og bør bringe dette elementet med inn i Khrono når ein går inn som samarbeidspartnar, for å få eit meir balansert forhold mellom målformene i avisa.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret vedtek at HVL skal bidra til utvikling av sektoravisa Khrono.
2. Bidraget vert knytt til eit journalistårsverk over tre år med tilsettingsforhold ved HVL.
3. Rektor får fullmakt til å ferdigforhandle avtalen med OsloMet.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

102/18 Forlenget sensurfrist - nasjonal deleksamen i anatomi, fysiologi og biokjemi

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	28.11.2018	102/18

Forslag til vedtak:

Styret vedtar at sensurfristen for nasjonal deleksamen i anatomi, fysiologi og biokjemi forlenges til 23. januar 2019 klokken 12.

Møtebehandling

Rektor innleia, og informerte om at dette er ei formalsak, der NOKUT ber alle institusjonane om å gjere vedtak om forlenga sensurfrist.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret vedtek at sensurfristen for nasjonal deleksamen i anatomi, fysiologi og biokjemi vert forlenga til 23. januar 2019 klokken 12.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

Saknr	Arkivsak	Tittel
O-9/18	17/00146-44	Orienteringar til styremøte 09/2018

O-9/18-1 Referat frå IDF-møte

Referat frå IDF-møte.
Spørsmåla som NTL har spelt inn til IDF-møtet vart kommenter, om blant anna arbeidstid. Dette er saker som har vore spelt inn i fleire år i linja. Dette må leiinga no ta tak i. Organisasjonsdirektør Båtsvik stadfesta at HVL har for sprikande retningslinjer på dette området, og at ei arbeidsgruppe er sett ned for å arbeide med dette.

O-9/18-2 Årshjul for styresaker

Styret hadde ikkje kommentarar.

O-9/18-3 Orientering – akademisk kalender studieåret 2019-2020

Styret hadde ikkje kommentarar.

O-9/18-4 Styret møter dei hovudtillitsvalde

Seks hovudtillitsvalde møtte styret og presenterte følgjande saker:

- Universitetsambisjonen og rekruttering av UF-tilsette
- Drift av utdanningane ved HVL
- Karriereutvikling – personalpolitikk
- Arbeidstid ved HVL
- Campusutvikling
- Medraderett i fare
- Tilsette reagerer på KHRONO-oppslag der det blir rapportert at HVL har eit mindreforbruk på 12,5 % av budsjettet. Tillitsvalde vil gjerne ha forklaringar på dette.
- Open post

Notat frå dei tillitsvalde vert sendt til styret i etterkant av møtet.

O-9/18-5 Styret møter studenttinget

Studenttinget ved Jonas Hagesæther Røthe, Jesper Krusell og Silje Kaalaas møtte styret og presenterte saker som Studenttinget er opptekne av:

- Studentmobilitet
 - Kvalitetssystemet
 - Utfordringar knytt til praksis
 - Studentene helse- og trivselsundersøkelse (SHoT) 2018
-

Eventuelt

E-9/18-1 Innplasseringsprosjektet – utlysning av stillingar

Mange i organisasjonen stiller no spørsmål ved om ledige stillingar i bemanningsplanen skal lysast ut internt eller eksternt. Organisasjonsdirektør Båtsvik orienterte om at ein no ynskjer å lyse ut desse stillingane eksternt. Dette skal drøftast med dei tillitsvalde.

E-9/18-2 Scholars at Risk

Det vart meldt inn spørsmål om HVL bør melde seg inn i Scholars at Risk. Prorektor for utdanning Bjørg Kristin Selvik informerte styret om at HVL allereie er innmeldt. Fleire i styret ynskde å få tilbake ei sak om dette.

E-9/18-3 Utlegg ved tenestereiser (ref høgsterettsdom)

NTL har gått til sak for tilsette ved UD, og fått ein høgsterettsdom på at UD ikkje kan pålegge tilsette å legge ut for tenestereiser. Kan styret få ein juridisk betenkning på om det same vil gjelde for tilsette ved HVL? Organisasjonsdirektør Båtsvik stadfesta at administrasjonen allereie arbeider med denne saka, etter spørsmål frå tillitsvalde.
